



NORSK INSTITUTT FOR
BUNAD OG
FOLKEDRAKT



Årsmelding 2013
Norsk institutt for bunad og folkedrakt
Valdresmusea AS

OPPSUMERING

Hovudsatsinga for 2013 har vore nettverksbygging og etablering av møtestader. Tett dialog med aktuelle samarbeidspartar på drakt og tekstilfeltet har mellom anna bidrege til at me i august 2013 arrangerte dei fyrste "Fagdagane for bunad og folkedrakt".

Som nettverksansvarleg i nasjonalt nettverk for drakt og tekstil har Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) arbeid med eit viktig kompetansehevingstiltak for museumstilsette i drakt og tekstilregistrering i Primus. NBF blir av medlema i nettverket mykje nytta som nasjonalt kompetancesenter i faglege spørsmål.

Det har vore lagt ned eit stort arbeid i ny organisering og nye studieplanar for universitetstudiet Drakt og samfunn som NBF driftar. Interessa for å ta studiet verkar å vera stor. Me ser fram mot ny oppstart hausten 2014.

Delar av året har NBF vore noko underbemanna grunna sjukmeldingar og fødselspermisjon. Tilrettelegging for samarbeid med Nav og frivillige bidreg til at digitaliseringsarbeidet likevel ikkje har stoppa opp.

Bunad er meir populært enn nokon gong og NBF opplever eit stadig aukande behov for kompetanse frå fleire hald. Næringspotensialet og grunnlaget for bunadproduksjon er likevel i fare, som følgje av utflagging, omlegging til konfeksjonssaum og det faktum at kunnskapen og bevisstheita om tekstilhandverket er i ferd med å bli borte. Dei økonomiske rammene gjev likevel ikkje rom for å utnytte potensialet som ligg i kompetansen og arkiva ved NBF. Det er difor søkt i budsjettsøknad for 2015 om auke i overføringa til tiltaket "Eit løft for stakken" for å styrke NBF si rolle som kunnskapsprodusent. Tiltaket har vorte utarbeid i dialog med dei leiande tekstilhandverk- og opplæringsorganisasjonane i Noreg knytt til forsking og verdiskaping. Tiltaket vil både vera viktig i arbeidet med vern av den immaterielle kulturarven og som grunnlag for auka verdiskaping i næringspotensiale for norsk bunadsproduksjon.

INNHOLD

OPPSUMERING.....	3
INNHOLD	4
FORMALIA.....	5
OFFENTLEG INSTANS	5
MÅL, UTFORDRINGER OG SATSINGSMÅLE.....	6
INSTITUTTET	7
VITENSKAPLEG ARBEID – dokumentasjon, forskning og utvikling	8
Feltarbeid – Nasjonal kartlegging av eldre draktskikk i Noreg	8
Gjennomførte feltarbeid i 2013:	8
Registrering, foto.....	8
Digitalt museum	8
Arkiv og samlingar ved NBF	8
Digitalisering.....	9
Etterarbeid frå feltarbeid	9
Utstyr til vitenskapleg arbeid	9
Mønsterarkiv	9
Stoffarkiv	10
Modellbunader og draktsamlinga	10
Biblioteket	10
Nomenklatur.....	10
Rekonstruksjon	10
Østfold, mannsbunad	11
Østfold, kvinnebunad	11
Sunnmøre, kvinnebunad	11
Sør-Valdres, kvinnebunad	11
Fusa, kvinnebunad.....	11
Rendalen, dåpskjole	11
Rekonstruksjon, brosjert silkedamask.....	11
Fråsegn om ferdig rekonstruksjon	11
Studie – draktskikken i Gudbrandsdalen	12
Publiseringarbeid og innlegg	12
Besøk ved NBF	12
Anna fagleg rettleiing	13
Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil	13
Primuskurs i registrering av drakt og tekstil.....	13
Deltaking/møte med fagmiljø i innland og utland	13
Fagdagane 2013 - Ferdselsvegar og materialtilgang	14
Oppgåver knytt til høgare utdanning	14
Ny studieplan.....	14
UNDERVISNING, RÅDGJEVING OG FORMIDLING.....	15
Undervisning på Design og håndverk Vg1, Valdres vidaregåande skule	15
Utstillingsarbeid.....	15
Nettsider og sosiale media	15
Mediedekning.....	15
Rådgjeving og opplysningsarbeid	16
Omvisningar i NBF sine lokale og bunadsutstillinga.....	16
BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET.....	17

FORMALIA

I 1947 vart Statens bunadsnemnd oppretta under Heimeyrkekontoret i Landbruksdepartementet. Frå 1955 vart namnet endra til Landsnemnda for bunadspørsmål og organisert under *Kontoret for kunst og kultur*. I 1967 vart nemnda omorganisert, og fekk eige sekretariat og nye statutar. I 1986 vart namnet omgjort til Bunad- og folkedraktrådet, og same år vart sekretariatet flytta frå Oslo til Fagernes.

Frå 2008 vart all drift av Bunad- og folkedraktrådet organisert under Valdresmusea as, regulert av ein eigen avtale mellom Kulturdepartementet og Valdresmusea. Arbeidet er organisert som ei eiga avdeling med felles administrasjon med Valdresmusea. Vedtekten for Valdresmusea er endra for å inkludere BFR/NBF. Museet har vedtak om at ein fylgjer ICOM sine museumsetiske reglar.

Institusjonen endra i oktober 2010 namn til Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF), medan det statleg oppnemnde fagrådet behold namnet Bunad- og folkedraktrådet (BFR).

OFFENTLEG INSTANS

NBF har store dokumentasjonssamlingar og arkiv som er staten sin eigedom. Dette overleverast Riksarkivet ved behov. Vi har framleis plass og behov for å ha dette på Fagernes. Verksemda har valt å halde fram med same rutinar ang post og arkivering som tidlegare.

ADMINISTRASJON

Anne Marit Noraker, direktør Valdresmusea as.

Stian Johan Roland, instituttleiar for NBF.

Bodil Enger, kontorfullmektig/ fagkonsulent.

Elin Dokken Myhre, økonomi og administrasjonsleiar i perioden 01.06.2013 – 01.10.2013

Tove Stubbene, økonomi og administrasjonsleiar. Nyttilsett frå 01.01.2014

Valdres Rekneskap AS, rekneskapsføring. (Frå 2014 blir rekneskapen ført av Valdresmusea sjølve)

NBF nyttar museet sine vaktmeistrar, reinhaldarar og handverkarar etter behov.

ØKONOMI

Frå 1. juni 2013 tilsette Valdresmusea ein eigen økonomi- og administrasjonsleiar i 100% stilling der NBF har 20% av denne stillinga. Direktør for Valdresmusea har 10% stillingsressurs knytt til NBF. NBF har eige budsjett. Instituttleiar har budsjettansvar og syter for attestasjon av alle fakturaer, refusjonskrav, reiserekningar m.m. før registrering og betaling. Direktøren ved VM attesterer for instituttleiarens sine reiserekningar. I rekneskapen for 2013 er ein del postar spesifikke, medan ein del er prosentvis fordelt på NBF og resten av Valdresmusea. Deriblant rekneskap og lønnskostnadars knytt til reinhald og vaktmeistertenester.

NBF har deler av året vore noko underbemannar grunna fødselspermisjon og sjukmeldingar. Noko vikarhjelp har vore leigd inn for å løyse enkelte arbeidsoppgåver. Personalkostnadane utgjer 67 % av totalbudsjettet. Personalkostnadar til føring av rekneskapen er då ikkje medrekna sidan dette er ei teneste me har kjøpt av Valdres rekneskapskontor. Dette vil slik endre seg frå 2014.

NBF har i 2013 gjort ein del investeringar på utstyr (fotoutstyr, mikroskop, projektor, datamaskiner osv) Dette har vore naudsynt for å halde oppe effektiviteten og det faglege nivået. Utover dette er det kostnadars knytt til feltarbeid og datatenester levert av KulturIT som utgjer dei største postane. Auka satsing på kurs- og seminarverksemdu har også bidrege til ei auke både på inntekts- og utgiftsida samanlikna med tidlegare år.

Årleg blir det vedteke ein sum for innkjøp av modellbunader til samlingane. Dette ligg i reskontroen og samlast over fleire år om det ikkje blir brukt. Det har i 2013 ikkje vorte brukt noko på innkjøp av modellbunad, men det er sett av 60 000 til planlagde innkjøp i 2014.

Økonomisk ramme for 2013 har vore løyvinga frå Kulturdepartementet på kr 3 769 090, kr 179 490 i eigne inntekter og 145 000 i prosjekttildskot. Den totale ramma i 2013 var slik **kr 4 093 580**.

MÅL, UTFORDRINGAR OG SATSINGSMÅL

Norsk institutt for bunad og folkedrakt (NBF) er eit nasjonalt kompetansesenter som arbeidar med dokumentasjon, forsking og formidling av folkedrakt og bunad. Jfr. avtalen mellom Valdresmusea og KUD skal NBF "Arbeide for å framme, verne og vidareføre bruk og framstilling av bunader og folkedrakter i Noreg, som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særegne kvalitetar" (pkt.3.1). Vårt hovudmål er å fremje kunnskap om folkedrakt og bunad som kulturarv, og bruk og tilverking av desse draktypane.

Avtalen mellom Valdresmusea og KUD inneber føljande delmål for institusjonen (nivå 1):

- Sørgje for sikring, lagring, formidling, utvikling og vedlikehald av **dokumentasjonssamlingane**
- **Formidle kunnskap** frå arbeidet og om fagfeltet
- Vidareføre og vidareutvikle arbeidet med å **gi råd** om og stimulere til auka forståing for tradisjonell draktskikk som grunnlag for dagens bunader
- Vere **sekretariat** for det statlig oppnemnde Bunad- og folkedraktrådet

Staten har i over 60 år gjennom NBF sørga for å få dokumentert bunad og folkedraktmaterialet i Noreg. Den nasjonale kartlegginga av norsk draktskikk er i global samanheng eit eineståande arbeid og gir eit unikt materiale for vidare forsking. No er halvparten av kommunane i Noreg kartlagt. Nye bunadar er skapt gjennom forsking og ulike rekonstruksjonsprosjekt, noko som har bidrige til mange nye arbeidsplassar rundt om i landet.

I Noreg blir det produsert bunadar for om lag ein milliard kroner kvart år. Over to millionar nordmenn eig ein bunad. Verdiene av den norske bunadparken er rekna til ca. 30 mill. kr. Næringspotensialet og grunnlaget for bunadproduksjon er likevel i fare: som følgje av utflagging, omlegging til konfeksjonssamfunn og det faktum at kunnskapen og bevisstheten om tekstilhandverket er i ferd med å bli borte. Mange teknikkar knytt til tilverking er allereie gått tapt, andre teknikkar finst i fingrane til nokre få personar i eldste generasjon. I tillegg finst det svært lite av egna undervisningsmateriell både på vidaregåande og universitetsnivå.

Pågangen frå forskrarar, studentar, næringsdrivande etc. er sterkt veksande. Nettverksbygging og forskings- og utviklingsarbeid er prioritert satsingsområde framover. Forsking og utvikling er ein viktig føresetnad for at det immaterielle kulturarvfeltet skal bli ein framtidssrettet og levedyktig verdiskapar i Noreg. NBF har nettverk, kompetanse, metodar og arkiv, men treng ei betydeleg auke i driftsmidlane for å initiere i ei rekkje forskingstiltak og å styrke kunnskapsproduksjonen.

INSTITUTTET

I 2013 har Norsk institutt for bunad og folkedrakt hatt 6 faste stillingar:

Stian Roland	Instituttleiar 100 %
Tordis Gjevre	1. Konsulent 100 % tom. 01.03.13, deretter 50 % (AFP)
Kristin Gulbrandsen	Fagkonsulent, rekonstruksjon 100 % (fødselsperm. i 10 mnd fordelt gj. året)
Camilla Rudrud	Formidlingsansvarleg 100 %
Bodil Enger	Kontorfullmektig/ Fagkonsulent 80 %
Sofrid Trydal	Fagkonsulent, arkiv og dokumentasjon 100 %, nytildelt frå 01.06.13

Ekstrahjelp:

Ragnild Ranheim Lome har gjennom året arbeida på timebasis som arkivassistent knytt til oppryddingsarbeid i Primusdatabasen.

Torgeir Bolstad har arbeida som fotograf i 40 % stilling totalt 9 mnd gjennom året.

Einar Mosleth har arbeida 30 % stilling fom. januar og tom. april med registrering i Primus.

For å få gjennomført det svært omfattande arbeidet med digitalisering av samlingane har me fått til eit svært godt samarbeid med Nav og frivillige i nærområdet.. Frivillig innsats og folk på tiltaket gjennom Nav treng likevel oppfølging for å fungere godt, og er dessutan lite forutsigbar arbeidskraft med tanke på kompetansebygging. NBF ser det likevel som eit gjensidig fruktbart samarbeid og det gjev dessutan dei faste tilsette meir tid til å prioritere fagleg arbeid.

Samarbeid med NAV og frivillige:

Lill-Monika Espeseth har gjennom året arbeidd 60 % stilling med digitalisering og kontorarbeid med lønnstilskot gjennom NAV.

Thang Khan Pom Hat Lang har gjennom Nav hatt arbeidspraksis 4 korte dagar i veka med skanning av fotosamlinga.

Randi Flatin har nov – des arbeida frivillig to dagar i veka med skanning av fotosamlinga.

Maria Lund (pensionist) har arbeida som frivillig ved NBF med skanning av fotoarkivet.

Margunn Søyland Nesbakken (pensionert bibliotekar) har arbeida som frivillig med biblioteksamlinga til NBF.

VITENSKAPLEG ARBEID

- dokumentasjon, forsking og utvikling

Feltarbeid – Nasjonal kartlegging av eldre draktskikk i Noreg

I samband med den nasjonale kartlegginga av eldre draktskikk i Noreg har NBF i 2013 gjennomført fire vekeslange feltarbeid med registrering av plagg i privat eige. I tillegg har me registrert ein del gjenstandar ved Valdres Folkemuseum og Glomdalsmuseet. Ein del plagg har også kome inn og vorte registrert ved kontoret på Fagernes. Registreringane er ført rett inn i registreringsprogrammet Primus. Feltarbeid i 2013 tilsvarar om lag 75 dagsverk + etterarbeid.

Gjennomførte feltarbeid i 2013:

Valdres Folkemuseum	Fordelt over året	89 reg.
Hedalen	15. april	85 reg.
Hemsedal	22. – 25. april	200 reg.
Stor-Elvdal	10. – 14. juni	326 reg.
Setesdal	02. – 06. september	328 reg.
Vest-Telemark	07. – 10. oktober	182 reg.
<u>Glomdalsmuseet</u>	<u>05. – 06. desember</u>	<u>17 reg.</u>
Totalt tal på registreringar på feltarbeid		1227 reg.
<u>Registrert innkome på kontoret</u>		<u>218 reg.</u>
Total tilvekst pr. 31.12.2013		1445 reg.

Samla tal på registrerte plagg ved NBF er **72118** pr. 31.12.2013

Registrering, foto

Totalt vart det teke 5178 fotografi i 2013.

Digitalt museum

I 2013 vart det publisert nærmare 2000 registreringar på Digitalt museum. NBF som nasjonal faginstitusjon skal vera eit førebilete i draktfaglege spørsmål, og les slik korrektur på alle registreringar før publisering. Dette tek tid, og gjer at publisering vert eit noko langvarig prosjekt. Det meste av årgangane frå 2008 – 2013 er no publisert, totalt 4242 registreringar.

Arkiv og samlingar ved NBF

- Primus og Cardbox: Databasesystem for registrering av gjenstandar og foto
- Kortarkiv: Registreringskort frå feltarbeid fram til 2008
- Fotoarkiv: Filmnegativar, lysbiletearkiv, og digitalt fotoarkiv
- Kjeldearkiv: Skiftemateriale, ymse publisert og upublisert kjeldemateriale om eldre draktskikk/ bunadshistoria
- Stoffarkiv: Stoffprøver frå inn- og utland
- Mønsterarkiv: Avteikna mønster og saumbeskrivelsar av folkedraktplagg og bunader frå ulike delar av landet
- Bibliotek: Faglitteratur som omhandlar bunad, folkedrakt, motehistorie, generell kulturhistorie, tekstilhandverk, sko, draktmetall osb
- Modellbunader: Ulike nysyddde kopiar av rekonstruerte bunader, samt eldre folkedraktplagg til bruk i formidlingsarbeidet ved instituttet og som dokumentasjon på eldre draktskikk

- Korrespondansearkiv: Korrespondanse på faglege spørsmål og kontakt med fagmiljøet frå verksemda var oppretta
- Rekonstruksjonsarkiv: Bearbeida og systematisert empirisk materiale, samt analyser og tolkingar i samband med ulike rekonstruksjonsprosjekt
- Mediearkiv over bunad og folkedrakt i media

Digitalisering

For at Primus skal bli eit godt verktøy i arbeidet vårt er me avhengige av å få skanna bileta til alle registreringane. Det har sidan 2005 vore arbeidd med å digitalisere alle gamle filmnegativar, samt å leggje desse inn i Primusdatabasen. Skanning av negativar vil bli ferdig i løpet av 2014.

Tilveksten på scanna bilde i 2013 er 16 498 biletar. Registreringsfoto som ikkje er scanna er 111 filmar à 35 biletar =3885.

I overgangen til digital fotografering og arkivering (2005-2007) kom det til nokre midlertidige nummereringssystem. For å gjere arkivet meir oversiktleg og brukarvenleg, jobbar me med å fjerne ein del av desse systema. Når biletar har nummer som samsvarar med resten av arkivsystemet vårt, vil dette forenkle masseinnlegging av biletar i Primus. Ryddearbeidet inneber mellom anna omnummerering av fleire årsseriar, og mykje leiting for å finne og rydde opp i dei ulike systema. Me held også på med å rydde etter konverteringa som vart gjort frå Cardbox til Primus i 2010. Kvar registrering lyt korrekturlesast og få rett nemning, presistert nemning, draktområde og eigar. Me har kome langt i rydding av både stadnamn og eigarskap. Dette vert gjort fortløpende, men er tidkrevjande, og vil halde fram i fleire år.

Me har også arbeida ein del med å sjå på dei ulike bruksfunksjonane i Primus, og har dialog med KulturIT i arbeida med å gjera Primus meir brukarvenleg og effektivt.

Etterarbeid frå feltarbeid

Mykje av etterslepet med innføring av handskrivne registreringar frå feltarbeid i 2011, har i 2013 blitt ført inn i Primus. Etterslepet er eit resultat av manglande netttilgang på feltarbeid i Nord-Noreg i 2011. Ferdigstilling vil vonleg skje i løpet av 2014.

Utstyr til vitenskapleg arbeid

Det vart kjøpt eit mikroskop for å kunne gjere ei sikrare fiberidentifisering, samt styrke den faglege kompetansen vår. Det er også kjøpt inn eit ekstra kamera til bruk på feltarbeid, og eit par eksterne blitzar. Gode foto av gjenstandane er viktig for vidare arbeid med registreringane, samt for publisering.

Mønsterarkiv

I 2013 har det blitt teke mønster av mange draktplagg under feltarbeid, men ein stor del av desse har me ikkje høve til å ferdigstille, og dei er slik ikkje med i oversikta frå 2013. Når mønstera neste år blir teikna over på folie og ferdigstilt, kjem dei på tilveksten for 2014. Mønsterarkivet inneheld både originalmønster, graderte mønster, skisser og vev- og broderimønster, totalt 1021 mønster.

Tilveksten i mønsterarkivet i 2013 er på 7 mønster.

Generelt	Grunnmønster/ rammemønster (m), str. 44 – 56
	Grunnmønster/ rammemønster (k), str. 36 – 46
Østfold	Langbukse, bearbeida (m)

	Vest, bearbeida (m)
	Vest, gradert (m)
Østerdalen	Dåpskjole
Valdres	Lomme (k)

Stoffarkiv

Fleire nye stoffprøver er innkome, både frå norske og utanlandske leverandørar. Ein del av desse er innlemma i arkivet, medan ein del enno ikkje har fått arkivplass. Ein del utgårte stoffprøver er overført frå stoffarkivet til magasin. Dette arbeidet vil fortsetja i 2014.

Modellbunader og draktsamlinga

Pr. 31.12.13 har NBF 54 modellbunader og 8 folkedrakter. Totalt tal på plaggdelar i draktsamlinga er no 900 enkeltplagg. Av desse er tilveksten i 2013 på 8 plaggdelar.

Det er ikkje bestilt inn nye modellbunader i 2013. Vi mottok våren 2013 tidlegare bestilt modellbunad av rekonstruert mannsbunad frå Ringerike.

Biblioteket

Pr. 31.12.13 har NBF 1236 bøker, 705 tidsskrift og 770 småskrift.

Gjennom året er no heile biblioteket registrert, og kategorisert, slik at dei er søkbare på nett. Tilveksten har i 2013 vore på 70 nye bøker, tidsskrift og småskrift.

Pr. 31.12.13 har NBF 23 DVD `ar.

Det var ingen tilvekst i 2013.

Nomenklatur

NBF har i 2013 arbeidd med å vidareutvikle NBF sin nomenklatur til registrering av folkedraktmateriale i Primus. For at registreringane skal bli søkbare, lyt ein vera konsekvent på kva slags betegnelsar ein brukar. Nomenklaturen tek utgangspunkt i NBF sitt innsamla materiale gjennom feltarbeid, i kombinasjon med kjeldestudie av drakthistorisk litteratur. Målet er å finne hovudbetegnelsar og presiserte betegnelsar som er like for heile landet, i tillegg til ulike alternative betegnelsar eller dialektnamn. Denne nomenklaturen vil kunne vera ei god hjelp for andre (td musumstilsette) som arbeider med registrering av folkedraktmateriale. Vidareutvikling av nomenklaturen skjer kontinuerleg i det daglege arbeidet ved NBF, men den vart jobba særleg mykje med fram mot kurset i draktregistrering i Primus hausten 2013.

Rekonstruksjon

Ein viktig del av forskingsarbeidet ved NBF er knytt til rekonstruksjon av eldre draktmateriale. Det føregår no rekonstruksjonsprosjekt i følgjande område:

Østfold, mannsbunad frå fyrste del av 1800-talet
 Østfold, kvinnebunad frå slutten av 1700-talet
 Sunnmøre, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet
 Sør-Valdres, kvinnebunad fyrste del av 1800-talet
 Fusa, kvinnebunad frå siste del av 1800-talet
 Rendalen, dåpskjole frå fyrste del av 1800-talet
 Silkeveven AS, brosjert silkedamask

Østfold, mannsbunad

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbegynt i 2008. I 2013 vart mønster til vest og brok bearbeida, tilpassa og gradert. Føretaket Gilland-design i Mysen, som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen var på rettleiingskurs ved NBF i mars 2013. Her var det på førehand gjort ei vurdering av kva for teknikkar og stoffkvalitetar som skulle nyttast. Gilland-design sendte inn materiale til vurdering to gonger i 2013, dette er vurdert og gjeve attendemelding på.

Østfold, kvinnebunad

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbegynt i 2008. Det er Østfold husflidslag ved Kari Filberg som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjonen. Ansvarleg frå husflidslaget, samt to personar frå Husfliden i Moss var på saumkurs ved NBF i januar. På førehand var det gjort ei vurdering av kva for teknikkar og materialar som var relevante, samt at det ved instituttet var gjort ei utprøving ved oppsyng av mindre kjende teknikkar på førehand.

Trøye, stakk, forkle, understakk og luver vart levert inn til vurdering hausten 2013.

Sunnmøre, kvinnebunad

Sjølve drakta er ferdig rekonstruert og mottok utale i 1990. Det blir likevel arbeida med mindre plagg for å synne mangfaldet i drakttradisjonen. Det har i 2013 ikkje vore levert inn nytt materiale til vurdering.

Sør-Valdres, kvinnebunad

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbegynt i 2010. I januar vart det gjort ein gjennomgang av skiftemateriale som kjelde for rekonstruksjonen, samt dei ulike plaggdelane som er under arbeid. Det er Asta Karin Kampen som utfører det praktiske arbeidet med rekonstruksjon, og som har skaffa dette materialet. Ved NBF vart det i 2013 teikna av og utarbeida saumforklaring til ei lauslomme, samt gjort vurdering av skinntypar til kanting.

Fusa, kvinnebunad

Rekonstruksjonsarbeidet vart påbegynt i 2011. Det er Hålandsalen Folkedraktsaum som utfører det praktiske arbeidet ved rekonstruksjonen. Eigar av føretaket var på besøk ved NBF i juli for å drøfte og legge fram førebelse utgåver av enkelte draktplagg. Det vart arbeida med å finne fram til betre materialar, og det vart sett på tilpassing av livet. Draktplagga vil bli levert inn til vurdering seinare.

Rendalen, dåpskjole

Bunadnemnda i Rendalen starta opp med rekonstruksjon/ kopiering av ein dåpskjole i silke som vart registrert under feltarbeid i 2012. Kjolen er i privat eige. Mønster vart teikna av og bearbeida ved NBF. Egna silkestoff vart vurdert og kjøpt inn. Medlemmane av bunadnemnda var på kurs ved NBF i mai for å lære ulike saumteknikkar. På førehand hadde NBF gjort ei vurdering av dei teknikkane som var nytta og utarbeida nye prøvelappar og klyppoplan som var tema for kurset. Mønster og saumbeskrivelse for dåpsluer er også utarbeida.

Rekonstruksjon, brosjiert silkedamask

Gjennom eit samarbeid med Silkeveien AS og Nanjing Silkeinstitutt i Kina har me arbeidd med å rekonstruere brosjiert silkedamask. Ferdig prøve på rekonstruert stoff er forventa i 2014.

Fråsegn om ferdig rekonstruksjon

Det er gjeven endeleg uttale og fråsegn til Husfliden Røros draktstuggu/ Haltdalen Bondekvinnelag for rekonstruksjon av mannsbunad frå Haltdalen. Størstedelen av arbeidet med rekonstruksjon av denne bunaden er gjort på 2000-talet.

Studie – draktskikken i Gudbrandsdalen

Camilla Rudrud har hausten 2013 gjort undersøkingar i den folkelege draktskikken i Nord-Gudbrandsdalen, for å betre forklare overgangen frå ein utadvent folkeleg mote på 1700-talet til ein meir innadvendt folkedrakttradisjon på 1800-talet. Målet med forskingsarbeidet har vore å finne fram til dei mekanismane og samfunnsforholda som kan vera med fremje slik utvikling. Arbeidet vil i 2014 bli presentert på Gudbrandsdalsseminaret i februar og publisert som artikkel i Gudbrandsdalsmusea si årskrift.

Publiseringsarbeid og innlegg

- Camilla Rudrud publiserte debattinnlegg om behovet for høgare yrkesutdanning i bunadtilverkarfaget, «Dag og Tid» 24. mai.
- Camilla Rudrud publiserte i februar to artiklar til avisa «Valdres». Ein om bringedukdrakta frå øvre Valdres og ein om den broderte Valdresbunaden som ideal.
- Stian Roland publiserte artikkelen "Om å forstå spelereglane" i boka "Lenge leve kulturarven" som vart gjeven ut av Norsk håndverksinstitutt hausten 2013.
- Tordis Gjever publiserte ein artikkel om perlesteinsbelte i avisa «Valdres» 9. mars.
- Stian Roland heldt eit foredrag om "Kunst som forsking - forsking som kunst" på forskingsdagane ved HiT, Rauland 18. – 19. september.
- Camilla Rudrud held foredrag på Hadeland Glasverk 19. oktober.
- Bodil Enger publiserte ein artikkel om handplagg, i avisa «Valdres» 22. november.
- Solfrid Trydal publiserte ein artikkel om filering, i avisa «Valdres» 29. november.
- Stian Roland publiserte ein artikkel om sko, i avisa «Valdres» 6. desember.

Besøk ved NBF

Utover dei besøka som går på rekonstruksjonsprosjekta har vi ved NBF også ein del andre faglege rettleiingsbesøk med til dømes studentar og bunadsnæringa gjennom året.

Sogn, kvinnebunad frå Brekke	- Bjørg Hovland
Valdres, mannsklede frå Sør-Valdres	- Anny Strand
Tinn, rekonst. mannsbunad, mønsterarbeid	- Joar Vaagø
Lofoten, klage på levert bunad frå produsent	- Cathrine Krogtoft Nordgård
Hardanger, perlearbeid i Hardanger	- Elisabeth Attramdal, Husfliden i Bergen
Draktskikk i Aust- Agder	- Husfliden Arendal, Norsk Flid
Hardanger og Telemark, sko	- Marte Linga, mastergrad HIT, Rauland
Hardanger, kopiering av bunadbelte	- Anne Soldal
Bunadshistoria, institusjonalisering	- Hege-Beathe Weum-Andersen, mastergrad UiB
Besøk i arkiva	- Bunadsaum AS
Hallingdal, registreringar	- Ellen Runderheim
Valdres, bokprosjekt	- Magny S. Karlberg
Skoregistreringar	- Synne Kaasin, Voss Skofabrikk
Klage på levert bunad frå produsent	- Toril Åsdokken
Drakt frå Eiker	- Medlemmar av bunadnemnda i Eiker
Påtegning av broderimønster	- Tonje Døvre

Anna fagleg rettleiing

- Camilla Rudrud har hausten 2013 vore rettleiar i samband med eit bokprosjekt ved Hedmarksmuseet.
- Camilla Rudrud har fagfellevurdert artiklar til utgjeving ved Hedmarksmuseet.

Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

Norsk institutt for bunad og folkedrakt er nettverksansvarleg for nasjonalt nettverk for drakt og tekstil. Gjennom året har nettverket hatt følgjande aktivitet:

- 6. februar: Seminar på Gardemoen for de nettverksansvarlige musea, arrangert av Norsk Kulturråd. Foredrag og gruppearbeid. Camilla Rudrud var gruppeleiar og deltarar frå NBF.
- 16. september: NBF heldt sitt første kurs i drakt- og tekstilregistrering i Primus for museumstilsette frå heile landet.
- 15. oktober: NBF sendte søknad til Kulturrådet om midlar til Fagdagane 2014.
- 20. november: Arbeidsmøte i Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil, på Scandic hotell, Gardermoen. Stian Roland og Camilla Rudrud leia møtet.

Primuskurs i registrering av drakt og tekstil

Hovudfokus i nettverksarbeidet 2013 har vore knytt til førebuingar til Primuskurset i september. 13 deltarar frå heile landet deltok på kurset. Attendemeldingar frå deltarane på kurset var svært gode, og det var tydeleg naudsint med eit opplæringstilbod av dette slaget for museumstilsette. Dei var og svært tilfredse med at dei fekk med seg ein kursperm attende til sitt museum som eit oppslagsverk for vidare arbeid. Dette har instituttet arbeidd med i lang tid, og har vore eit viktig kompetansehevingstiltak for drakt og tekstilfeltet. Kulturrådet ynskjer at Primuskurset skal bli eit varig tilbod så lenge det er behov, og at ein digital versjon av kurspermen skal gjerast tilgjengeleg på www.kulturnav.no.

Deltaking/møte med fagmiljø i innland og utland

- 18. januar deltok Camilla Rudrud på seminar med Kulturrådet om EØS - samarbeid, Oslo.
- 18. januar deltok Bodil Enger på møte i samlingsnettverket på Maihaugen. Tema: Nødvendig registrering.
- 28. januar deltok Camilla Rudrud i møte med BUL og Heimen Husflid, om "NOKO FRÅ NORREG", eit seminar om folkedrakt, bunad og redesign.
- 1. februar deltok Stian Roland og Bodil Enger på forskingsdag ved Valdresmusea.
- 10. – 12. mars deltok Stian Roland og Bodil Enger på årsmøtehelga for Norsk folkedraktforum på Tynset.
- 18. mars deltok Stian Roland og Camilla Rudrud på møte i Oslo med samarbeidspartane for Fagdagane 2013.
- 15. april deltok Stian Roland og Camilla Rudrud på nytt møte i Oslo med samarbeidspartane om Fagdagane 2013.
- 17. mai tok Camilla Rudrud og Stian Roland imot direktøren frå Nanjing Silkeinstitutt i Kina og Silkeveven AS.
- 31. mai var Stian Roland og Camilla Rudrud på seminaret; Løfte handverket: Samling på Maihaugen om «Dei små handverksfaga – kva no?»
- 26. august var Sogn museum på besøk ved Valdresmusea og NBF.
- 13. september var Bunadsaua AS frå Nord- Trøndelag på besøk ved NBF.
- 28. september var 4 lærlingar i kostymemakarlaget frå Den norske opera og ballet på

besøk ved NBF.

- 04. – 05. oktober var Camilla Rudrud på seminar og utstillingsopning på Sverresborg, Trøndelag museum, Trondheim.
- 15. – 16. oktober var Solfrid Trydal på brukarseminar ved KulturIT på Lillehammer.
- 30. oktober var Stian Roland og Camilla Rudrud på møte med SKT og NTNU om Drakt og samfunn.
- Solfrid Trydal deltok på seminaret «Frå sau til kjortel, om kjortelen frå Lendbreen og andre brearkeologiske funn» i Lom 8. – 9. november.
- 14. november deltok Solfrid Trydal og Bodil Enger på kurs i «Primus, admin» hjå KulturIT på Lillehammer.
- 12. – 14. november deltok dei tilsette ved NBF på Nordisk instrumentseminar, arrangert ved Valdresmusea.
- 13. – 14. november deltok Camilla Rudrud på Kulturrådets årskonferanse i Bergen.
- 19. november var det møte ved NBF om ”Fagdagane” saman med samarbeidspartane.
- 20. november deltok Solfrid Trydal på «Workshop, lisensiering av data i Primus», i regi av Norsk kulturråd.
- 25. november deltok Stian Roland på bokslepp ”Lenge leve kulturarven”, og seminar om den immaterielle kulturarven, Norsk håndverksinstitutt på Lillehammer.
- 26. – 27. november deltok Camilla Rudrud på seminar om opphavrett og forskingsetikk, Sem gard i Asker.
- 10. – 11. desember var dei tilsette ved NBF på studietur til Oslo. Me besøkte Kunstmuseet, Norsk folkemuseum, systova på Heimen Husflid og fekk omvising i stoffarkivet og systova til Den Norske Opera og Ballet.

Fagdagane 2013 - Ferdelsvegar og materialtilgang

23. – 24. august vart dei aller fyrste Fagdagane for bunad og folkedrakt arrangert på Fagernes. Ferdelsvegar og materialtilgang var tema. Ulike føredragshaldarar var leide inn og stoffprodusentar var inviterte til å halde ”minimesse”. Handverkarar demonstrerte ulike teknikkar i dei gamle husa på Valdres folkemuseum. Om lag 70 deltakrar frå heile landet deltok og attendemeldingane var svært gode, noko som syner at ein slik nøytral nasjonal møtestad er viktig for feltet. Fagdagane vart hausten 2013 evaluert, og arbeidet med Fagdagane 2014 er påbegynt. Fagdagane er eit samarbeidstiltak mellom Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Norsk folkedraktforum, Studieforbundet Kultur og Tradisjon og Norsk institutt for bunad og folkedrakt.

Oppgåver knytt til høgare utdanning

Universitetsstudiet Drakt og samfunn har dette året ikkje vorte gjennomført pga omorganisering. Det har vore arbeid med å undersøke andre måtar å organisere studiet på, både i oppbygging og fagleg utforming. Ein har drøfte ulike løysingar med andre utdanningsinstitusjonar, mellom anna Universitetet i Uppsala som har eit utdanningsløp i «Textilvetenskap» frå Bachelor til PhD-nivå. NBF har no etablert samarbeid med NTNU, Trondheim. Oppstart for Drakt og samfunn blir hausten 2014.

Ny studieplan

NBF utforma ein ny studieplan for faget, der organiseringa og undervisinga er analleis enn før. Målet med omorganiseringa har vore å gjere det enklare for å folk i arbeid å studere. Faget består no av seks samlingar over to år, der kvar samling er sjølvstendig og avsluttande. Målet med å endre undervisinga er å gjere koplinga mellom det praktiske og det teoretiske meir synleg og forståeleg for studentane.

UNDERVISNING, RÅDGJEVING OG FORMIDLING

Undervisning på Design og håndverk Vg1, Valdres vidaregåande skule

Hausten 2012 vart det frå Valdres vidaregåande skule søkt om økonomiske midlar frå Oppland fylkeskommune til eit samarbeid mellom Design og håndverk Vg1 og NBF. Formålet med søknaden var at elevane skulle få kjennskap til ein arbeidsplass innanfor deira fagfelt, samt inspirasjon gjennom NBF sine arkiv til vidare oppgåveløysing. Søknaden vart innvilga og det vart gjeve løyve om ei vekes undervisning frå NBF.

Elevane var på besøk ved NBF ein dag der dei fekk ei innføring i instituttet sine arbeidsoppgåver, omvising i utstillinga, foredrag om europeisk drakthistorie, demonstrasjon av påkledning og eit djupdykk i arkivet. Dei påfølgjande 3 vekene hadde NBF undervisning på skulen ein dag i veka der temaet var material- og bindingslære, mønster og ulike dekor- og saumteknikkar.

Utstillingsarbeid

NBF har sommaren 2013 hatt bunadsutstillinga «Gjestebod, familiefeiring i bunad» på Hadeland Glasverk. Plater med foto/tekst produsert av Konsis. 26 ulike bunader vart stilt ut. Camilla Rudrud held opningstale ved utstillingsopninga laurdag 11. mai, og foredrag når utstillinga vart teken ned laurdag 19. oktober.

Bunadsutstillinga ved Valdresmusea har i 2013 berre hatt mindre endringar. Ny utstilling er under planlegging fram mot 2015.

Nettsider og sosiale media

Gjennom året har det kontinuerleg vore oppdatering av informasjon på nettsidene. Nettsidene skal i hovudsak brukast til meir varig informasjon, medan me nytta Facebook i større grad til såkalla "raske saker". NBF har eit kontinuerlig arbeid med å formidle arbeidet sitt og arrangement på sosiale media, i hovudsak Facebook. I 2013 byrja ein med å legge ut foto og oppdateringar direkte frå feltarbeida, noko som det har vist seg å vere stor interesse for. På denne sida er det om lag 580 som følgjer arbeidet våre, noko som er sett på som eit stort tal for ein nasjonal institusjon som NBF.

Mediedekning

- Mai: Camilla Rudrud i intervju med VG om nordmenns bunadsbruk. Som takk fekk NBF kopi av VG sin publikumsundersøking om dette.
- Mai: Camilla Rudrud intervju av Viking Magazine (Sons of Norway) om nordmenns bunadsbruk. Firesider oppslag, med foto frå Laila Durán.
- Mai: Camilla Rudrud intervju av Vårt Land om rekonstruksjon av bunader.
- Mai: Camilla Rudrud intervju om utstillinga «Gjestebod, familiefeiring i bunad» i Hadeland avis og Ringerikes blad
- Mai: Kinesisk TV filma Stian Roland og Camilla Rudrud i samtale med «Silkeeven på Skarnes» og direktør frå Silkeinstituttet i Nanjing med følgje.

I tillegg til dette har det vore ein rekke mindre radiointervju og sitering i ulike aviser i samband med tida før 17. mai og i samband med feltarbeida rundt om i landet.

Rådgjeving og opplysningsarbeid

NBF har dagleg fleire hendvendingar både via e-post, brev og telefon om bunadspørsmål.

Dei fleste spørsmåla omhandlar påkledning, vask og behandling av bunaddelar, kvar ulike draktdelar kjem i frå og kven som produserar dei ulike bunadane rundt om i landet. Behovet for ein nøytral stad å kontakte for slike spørsmål ser ut til å auke i takt med ein stadig større interesse for bunadsfeltet generelt.

Omvistingar i NBF sine lokale og bunadsutstillinga

Ulike interessentar som td institusjonar, lag og foreiningar ynskjer frå tid til anna omvisning og orientering i NBF sitt arbeid, samt bunadsutstillinga

25.04: Camilla Rudrud omvising for Asker husflidslag

16.05: Camilla Rudrud omvising med Svenska hembygdsrörelsen

01.06: Camilla Rudrud hadde omvising og lunsj med tidligare elevar frå Bunadopplæringa som ville på besøk til NBF

08.06: Camilla Rudrud hadde omvising for Danseringen i Asker, Livskjelda

28.09: Besøk av kostymesystrar frå den Norske Opera og Ballett. Omvising og samtale med Camilla Rudrud

30.06: Camilla Rudrud deltok med opplæring av nye guidar i bunadutstillinga på museet sitt «Omvisarseminar»

Gjennom sommaren tek omvisarane ved museet dei aller fleste omvisingane i NBF si bunadutstilling. I tillegg kjem alle andre turistar, totalt om lag 40 000 besøkande gjennom året.

BUNAD OG FOLKEDRAKTRÅDET

Bunad og folkedraktrådet er eit statleg oppnemt råd og er ein rådgjevande innstans for Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Instituttet fungerer som sekretariat for Rådet.

Det var i 2013 ingen endringar i samansettina av Bunad –og folkedraktrådet

Atle Ove Martinussen , Direktør, Museumssenteret i Hordaland	-rådsleiar
Mona Løkting , Daglig leder bunadavdelinga, Husfliden Hamar	-medlem
Petra – Mari Linaker , Husflidskonsulent, Troms	-medlem
Ingar Ranheim , Konservator, Valdresmusea	-medlem
Ayesha Khan , Sosialantropolog	-medlem
Ida Tolgensbakk , Doktorgradsstipendiat kulturhistorie, UiO	-varamedlem
Halvor Nordal , Vest- Telemark museum	-varamedlem

Av desse er Ingar Ranheim, Ayesha Khan og Ida Tolgensbakk oppnemt til 2014. Dei andre er oppnemt til 2016.

Møtedatoar 2013

- Møte 1: 15. – 16. januar, Fagernes
Møte 2: 22. mai, Oslo
Møte 3: 22. august, Fagernes i samband med Fagdagane
Møte 4: 03. desember, Oslo

Bunad- og folkedraktrådet har i 2013 fungert som ein viktig drøftingpartnar i strategi og vegval for NBF. Rådet har vidare handsama årsrapport, rekneskap og budsjett. Det har i 2013 vore nær og god kontakt mellom Rådet ved rådsleiar og Valdresmusea ved direktør og styreleiar. Denne samhandlinga er svært viktig for god måloppnåing. Rådet har kommentert NBF sin årsrapport og budsjettsøknad til Kulturdepartementet, og legg her vekt på at trengs ei auke i bevilgninga for å få utnytta si rolle som verdiskapar, kompetansesenter og arkiv.

Fagernes 30. april 2014

Stian Roland
Instituttleiar NBF

Ole Aastad Bråten
Konstituert direktør VM